

## **Informasjon om Eldremedisinsk poliklinikk**

Eldremedisinsk poliklinikk er ein del av medisinsk poliklinikk på Sentralsjukehuset i Førde. Det er eit tilbod for pasientar frå omlag 70 år med samansette problemstillingar.

### **Kven er vi?**

Eldremedisinsk poliklinikk har tilbod tysdag og onsdag for utgreiing av desse problemstillingane:

- Falltendens
- Polyfarmasi
- Komorbiditet
- Kognitiv svikt

To dagar i veka har lege og sjukepleiar også poliklinikk for eldre pasientar med hjertesjukdom, som får ei utvida undersøking (geriatrisk kardiologi).

### **Tilvising**

Pasientar må tilvisast frå fastlege eller sjukehuslege. Vi ynskjer å vurdere pasientane i stabil fase. Etter ei innlegging i sjukehus kan pasientar tilvisast til kontroll ved eldremedisinsk poliklinikk i etterkant.

### **Korleis er tilbodet lagt opp?**

Eldremedisinsk poliklinikk har eit fast team med indremedisinar, fysioterapeut, ergoterapeut og geriatrisk sjukepleiar. Alt etter sjukdomsbilete vil pasienten treffe personale innan dei ulike fagfelte. Når ein kjem til time må ein rekne god tid, 2-4 timar. Det vert lagt inn pause slik at pasientane får kvile og ta seg ein kopp kaffi. Vi ynskjer å ha eit nært samarbeid med kommunehelsetenesta.

Då tilbodet i Førde starta, var det med psykiater i teamet. Psykiatrisk klinikk kan pr. dags dato ikkje frigje ressursar til Eldremedisinsk poliklinikk. Ved behov kan lege tilvise pasienten til psykiater.

### **Pårørande**

Pårørande er ein viktig ressurs for pasientar med samansette problemstillingar. Difor er det ynskjeleg at pårørande er med pasienten til timen.